

Kurs i kulturhistorie

Tid: fredag 9. juni og laurdag 10. juni.

Stad: Valdres Folkemuseum.

Program, fredag 9. juni

- Kl 09.30–10.00 **Velkommen!** Orientering om aktivitetar og tilbod ved Valdresmusea i sommarsesongen, ved Mari Ormberg og Anne Marit Noraker.
- Kl 10.00–10.45 **Støling:** I Valdres er det lange, sterke stølstradisjonar. Kulturen vår og minna om den, i mat, dyrestell, song og musikk, har ofte vorte til innafor rammene av eit støsliv. Foredrag ved Berit Robøle Hegge.
- Kl 10.45–11.30 **Matstell:** Måltida i gamledagar var styrde av rytmen av ein arbeidsdag. Korleis var måltida før i tida og kva er forskjellen på bisk, nons og dugurd? Foredrag ved Bergit Bolstad.
- Kl 11.30–12.00 **Reiseliv:** Reiselivstradisjonane i Valdres er lange og strekker seg tilbake til siste halvdel av 1800-talet. Espen Olavsson Hårseth fortel om Valdres Folkemuseum som på 1960-talet utvikla seg til eit av dei fremste turistmåla på Austlandet.
- Kl 12.00–12.45 Mat (flatbrød, graut, smør, potet, mjølk)
- Kl 12.45–13.15 **Husmann og utvandarar:** På 1800-talet reiste 800 000 nordmenn til Amerika. Befolkningsauke og press på naturressursane var to av forklaringane. I foredraget fortel Jahn B. Jahnsen om framveksten av husmannsvesenet og om dei som søkte lukka i det nye landet.
- Kl 13.15–14.00 **Draktskikken:** Magny Karlberg har i over 40 år granska dei eldste norske folkedrakttradisjonane. I foredraget blir vi kjende med drakttradisjonane i Valdres og kleda i utstillingane ved Bagn Bygdesamling og Valdres Folkemuseum.
- Kl 14.00–14.30 **Stilhistorie:** Byggeskikken i Valdres har vorte til i samspel mellom lokale handverkstradisjonar og stilimpulsar i europeisk arkitektur. Ole Aastad Bråten viser bilete og fortel om europeisk stilhistorie.
- Kl 14.30–14.45 Kaffi og kake
- Kl 14.45–15.30 **Krig i Valdres:** Valdresmusea tek hand om store våpensamlingar og ved Bagn Bygdesamling er det ei utstilling om kampane i Valdres i 1940. Foredrag om 2. Verdskrigen og kampane på Bagnsbergatn og i Gråbeinhølet ved Per Ivar Stensæter.
- Kl 15.30–15.45 Kort oppsummering og utdeling av kompendium

Program, laurdag 10. juni

- Kl 09.00–09.15 **Velkomen til stavkyrkjedalen!** Orientering om tilboda, arrangement og aktivitetar ved Katharina Sparstad.
- Kl 09.15–10.45 **Kyrkjene i Valdres:** Valdres har mange gamle kyrkjer og ingen kjenner dei betre enn Jahn Børe Jahnsen. Vi blir betre kjent med historia til steinkyrkjene og stavkyrkjene i Valdres, kyrkjehistorie, bygningshistorie, kyrkjeorganisering og mykje meir.
- Kl 10.45–11.00 Kaffi og frukt
- Kl 11.00–11.45 **Det gode vertskap:** Kaia Funder Idstad frå Fagernes camping gjev deg triksa som skal til å for å bli den perfekte vert og vertinne. Er du merksam dei utanlandske gjestane? Korleis taklar du trøytte ungar og grinete foreldre?
- Kl 11.45–12.30 **Gudshuset:** Stavkyrkjene er ikkje berre turistattraksjonar. Dei er også heilage kyrkjerom. Pilegrimsprest Anne Hilde Øigarden fortel om utfordringar og moglegheiter i dette spenningsfeltet.
- Kl 12.30–13.15 **Kva etterspør turisten?** Julia Helgesen frå Visit Valdres lærer oss å forstå Valdres – som turist. Kva vil turistane sjå og oppleve når dei kjem på besøk? Kva spør dei etter og kva bør vi vite?
- Kl 13.15–14.00 **Stavkyrkjene – eit symbolunivers:** Valdres er dalføret med flest stavkyrker. Her er også tre steinkyrkjer frå mellomalderen. Camilla Rossing fortel om kyrkjebygginga i mellomalderen, og viser oss korleis stavkyrkjene høyrer heime i ein vestleg arkitekturtradisjon.
- Kl 14.00–14.30 Mat
- Kl 14.30–15.00 **Tips til ein guide:** Stavkyrkjeguide Ragnhild Kolsrud gjev deg smarte tips til guidekvardagen. Kva slags forventingar har gjestane til service og språk, formalitet og åtferd? Korleis handterer du billettsystem og betaling, og kva er lov og ikkje lov i ei stavkyrkje?